



Møteprotokoll

Utval	Plan- og forvaltningsutvalet
Møtestad	Rådhuset
Dato	12.05.2026
Tidspunkt	kl 09:00 – 10:45

Frammøtte	Parti
Jonny Gjerde	AP
Svein Tore Heltne	AP
Arne J Hauge	FrP
Britt Dagrunn Brugrand	H
Olav Høyheim Einan	SP
Sandhya Karlsen Holene	V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Ann Kristin Sperle	SP	Grethe Kristin Leirdal	SP

Møtenotat

Frå administrasjonen møtte:

- Ole Gunnar Krakhellen, ass. Kommunedirektør - heile møtet, ugild og ute av møterommet i sak 23/26, då møtte kommunedirektør Jon Bolstad
- Plansjef Knut Vidar Svanheld (frå sak 25/26 og ut møtet)
- Viltforvaltar Runar Hatlevoll (frå start til sak 24/26)
- Jon Bolstad, kommunedirektør (heile møtet)
- Kristine Selbervik Lund (frå start til sak 24/26)

Underskrifter:

Grethe Kristin Leirdal	Sandhya Karlsen Holene
------------------------	------------------------

Britt Dagrunn Brugrand leiar for utvalet	Ole Gunnar Krakhellen ass. kommunedirektør
---	---

Saksliste

Saknr	Sakstittel
21/26	Konstituering av møte
22/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
23/26	Tilskot til kulturminnevern 2026
24/26	Tildeling av hjorteløyver 2026
25/26	Omdisponering av dyrka jord på landbrukseigedom - gbnr. 134/5
26/26	Klagehandsaming - Tiltak på gbnr. 147/141 - Hestnes 34 - Gjerde
27/26	Områdeplan Fonndøla – Hausamoen, endring/ revisjon
28/26	Orienteringar, drøftingar og open post
29/26	Referatsaker
30/26	Delegerte saker

21/26 Konstituering av møte

Plan- og forvaltningsutvalet 12.05.2026

Handsaming

- Opprop, *forfall Ann Kristin Sperle, vara Grethe Kristin Leirdal.*
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad.*
- Godkjenning av sakliste, *ingen merknad.*
- Godkjenning av dagsorden, *ingen merknad.*
- Grethe Kristin Leirdal og Sandhya Karlsen Holene vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. *Dei vart samrøystes valde.*

PFU - 21/26 vedtak

Grethe Kristin Leirdal og Sandhya Karlsen Holene vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

22/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Plan- og forvaltningsutvalet 12.05.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

PFU - 22/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 10.03.26 vert referert utan merknader.

23/26 Tilskot til kulturminnevern 2026

Plan- og forvaltningsutvalet 12.05.2026

Handsaming

Ass. Kommunedirektør Ole Gunnar Krakhellen forlot møtet under handsaming av denne saka.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 23/26 vedtak

Følgjande søkjarar får tilsagn om kulturmidlar til kulturminnevern i 2026:

Hafslo sogelag til restaurering av kårstova/Vetlastova inntil kr 15 000

Hafslo sogelag til reparasjon av taket på fjøsen på husmannsplassen Fluga inntil kr 40 000

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden til restaurering av løe og sel i Vadøyane inntil kr 14 000

Stiftinga Ormeli til restaurering av løe/driftsbygning i Ormeli inntil kr 25 000

Janne Sønnesyn til restaurering av sel på Sønnesynstølen inntil kr 25 000

Faktura må leggjast fram før kulturtilskot blir betalt ut.

Tilskot som det ikkje blir gjort krav på innan 1. mars 2027, blir trekt inn.

24/26 Tildeling av hjorteløyver 2026

Plan- og forvaltningsutvalet 12.05.2026

Handsaming

Det vart påpeika at det stod feil i tilrådinga, det skal stå sone 2, 3, 4 og 5 i overskrifta. Vedtaket vert korrigert.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 24/26 vedtak

Talet på løyve fylgjer minsteareal fastsett i lokal forskrift. Grunna nedgang i hjortebestand blir det gjort eit fråvik i minsteareal for nokre soner, jamfør § 7 i forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Sone 1 og 6: 900 dekar per hjorteløyve (tidligere 900 dekar)

Sone 2 og 4: 500 dekar per hjorteløyve (tidligere 375 dekar)

Sone 3 og 5: 425 dekar per hjorteløyve (tidligere 375 dekar)

Tildeling av fellingstillatelser i kommunen gjenspeglar vesentlege forskjellar på beitegrunnlag, bestandstettleik og skadepress. I medhald av hjorteviltforskrifta § 18, skal løyva tildelast etter prinsippet om målretta avskyting. For 2026 gjeld følgjande fordeling:

Sone 2, 3, 4 og 5:

Kalv: 37,5%

Spissbukk: 11 %

Vaksen bukk: 14%

Hodyr: 37,5 %

Sone 1 og 6 får denne fordelinga:

Kalv: 35%

Spissbukk: 11,5%

Vaksen bukk: 21%

Hodyr: 32,5%

Valda som er med i bestandsplanområde får tildelt frie løyver i samsvar med minsteareal og i henhald til godkjent bestandsplanområde og bestandsplan. Med heimel i hjorteviltforskrifta § 32 om rapporteringsplikt, vert valda pålagde å registrera « sett hjort» og rapportera til kommunen seinast 14 dagar etter jaktslutt. Rådyr og elgløyver for 2026 blir tildelt delegert.

25/26 Omdisponering av dyrka jord på landbrukseigedom - gbnr. 134/5

Plan- og forvaltningsutvalet 12.05.2026**Handsaming**

Arne Hauge gjekk frå som ugild grunna nær slektskap til søkjar. Forvaltningslova § 6 fyrste ledd, nr. b.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 25/26 vedtak

1. Ole Jørgen Nes får innvilga søknad om omdisponering av inntil 400 m2 dyrka mark til oppføring av nytt våningshus på gbnr. 134/5
2. Søknaden er innvilga med heimel i jordlova § 9
3. Tap av dyrka mark skal kompenseras ved nydyrking av tilsvarende areal på gbnr. 134/4 som beskrive i e-post av 15.04.2026. Søknad om nydyrking skal vere godkjent av kommunen før søkjar kan setje igang med tiltak for oppføring av nytt våningshus etter pkt. 1
4. Løyve føreset at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og løyve til oppføring av våningshus etter plan- og bygningslova.
5. Løyve føreset at det vert gjeve løyve til nydyrking og at nydyrkinga vert utført.
6. Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett i gang innan tre år frå vedtaksdato.

26/26 Klagehandsaming - Tiltak på gbnr. 147/141 - Hestnes 34 - Gjerde

Plan- og forvaltningsutvalet 12.05.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 26/26 vedtak

Klaga på kommunen sitt vedtak 10.02.2026 blir teken delvis til følge.

Vilkåra i vedtaket blir endra slik:

Vilkår 1: Gjerde skal utformast som open konstruksjon som sikrar tilstrekkeleg sikt mellom veggen og eigedomen. Gjerdet skal utformast i tråd med TEK 17 § 12-15.

Vilkår 2: Maksimal høgd på gjerde blir sett til 1,2 meter, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Vilkår nr. 3: Vilkåret blir oppheva

Plan- og forvaltningsutvalet gir dispensasjon for plasseringa av gjerde i samsvar med innsendt søknad datert 17.09.2025, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Det blir samstundes gitt løyve til å bygge gjerde, jf. plan- og bygningslova § 21-4.

27/26 Områdeplan Fonndøla – Hausamoen, endring/ revisjon

Plan- og forvaltningsutvalet 12.05.2026

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

PFU - 27/26 vedtak

Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune ser positivt på planinitiativ vedlegg 1 med føremål å revidere gjeldande områderegulering Fonndøla Hausamoen, planid 2020011, levert inn av Norconsult på vegne av fleire aktørar. Plan- og forvaltningsutvalet ber administrasjonen gje naudsynte tilbakemeldingar for at prosessen kan starte.

28/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Plan- og forvaltningsutvalet 12.05.2026

Handsaming

Orienteringar:

Ass. kommunedirektør orienterte om at det er varsla ei byggjesak frå kommunedirektøren. Då vert kommunedirektøren ugild, og i tråd med fvl. §6, tredje ledd så er også resten av administrasjonen ugild til å gjere vedtak i saka. Kommunen er likevel det rette organet til å behandle saka, men avgjerda må i tilfelle takast av nokon som har retten til å ta slik avgjerd, og som ikkje er underordna kommunedirektøren. Det kan til dømes vere eit folkevald organ i kommunen. Kommunestyret kan som hovudregel ta avgjerd i alle saker som kommunen behandlar. Avgjerdsrett kan også vere delegert til formannskapet, eit utval eller til ordføraren. Alternativt kan det tilsetjast ein sette-kommunedirektør for saka. Tilsette i administrasjonen kan førebu og tilrettelegge saka for avgjerd så lenge dei ikkje sjølv er ugilde, men det må då skje under leiing av det organet som skal ta avgjerd i saka. Avgjerdsorganet må ta stilling til kven som er best eigna til å førebu saka, og mellom anna vurdere lojalitetsband og korleis det blir oppfatta for utanverda dersom tilsette i administrasjonen er med på å førebu ei sak der kommunedirektøren er ugild. Føreslegen handtering i byggjesak med naust der kommunedirektøren er søkjar er at byggjesakshandsamar i Luster kommune førebur saka, legg saka fram for leiar i plan- og forvaltningsutvalet for vurdering og at saka går til leiar i PFU si tilråding til politisk handsaming i PFU.

Spørsmål om flytting av møte i juni

Ass. kommunedirektør førespurte om det er mogleg å flytte planlagt møte i PFU frå tysdag 9. juni til torsdag 11. Juni. Ein held på møtedato 9. juni.

Planarbeid:

- Områdeplan Hafslo
 - o Hallteikningar er mottekne, og planen går ut på høyring snarleg.
- Sentrumsplan Gaupne
 - o Pågår dialog med Coop og Pyramiden AS om løysingar, mål om slutthandsaming i PFU/kommunestyre i juni.
- Gaupnegrandane
 - o Driv med oppfølging av innspel, mål om handsaming i PFU/kommunestyre i juni.
- KPA

Open post:

Spørsmål knytt til flytting av brannpost i Solvorn. Administrasjonen sa at dette ved ein feil vart flytta litt fort. Punktet vert flytta attende, og eventuelt flytting vert avventa til eigarforhold er avklara.

Spørsmål om byggesak i Solvorn. Administrasjonen svara ut at det er ønskjeleg å legge til rette for fleire innbyggjarar i Solvorn, men her er det eit krav til avstand til naboeigedom der grensa er usikker og avstanden er liten. Tiltakshavar og nabo har heller ikkje kome fram til

ein avtale om plassering av tilbygg. Klagesaka er sendt til Statsforvaltaren og Statsforvaltaren har stadfesta kommunen sitt vedtak.

PFU - 28/26 vedtak

Orienteringar vert tekne til vitande.

29/26 Referatsaker

Plan- og forvaltningsutvalet 12.05.2026

Handsaming

Arne Hauge påpeika at spørsmål om massetransport frå tidlegare møte er følgt opp på ein grei måte.

Det var elles ikkje merknad/spørsmål til referatsakene.

PFU - 29/26 vedtak

Referatsaker vert tekne til orientering.

30/26 Delegerte saker

Plan- og forvaltningsutvalet 12.05.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad/spørsmål til delegerte saker.

PFU - 30/26 vedtak

Informasjon om delegerte saker vert teken til orientering.